

Paulus si verksemd

Arne Berge 12.11.2024

Oversikt over Paulus sitt liv

Paulus var romersk borgar

- Født i Tarsos i dagens Tyrkia (Apg 22,3)
- Han kjende gresk-romersk kultur, må ha hatt ei gresk utdanning (i Tarsos?). Han snakka gresk (Apg 21,37), samtalte med greske filosofar (Apg 17,18), siterte greske forfattarar (Apg 17,28)
- Romersk borgar, eksklusiv rett (Filippi: Apg 16,37ff; Jerusalem 21,37ff; Cæsarea: 25,11)

Paulus var jøde

- Kjende den jødiske teologien og kulturen
- Grundig jødisk (fariseisk) utdanning i Jerusalem, var skriftlærd

Paulus levde ca 5 – 65 e.Kr.

- Innholdsmessig omdreingspunkt: Damaskus-opplevinga (Apg 9,1-18 + Apg 22 og 26)
- Historisk fast haldepunkt: Korint år 50-51 (Gallio var guvernør i Korint i 51)

Før 33	barndom i Tarsos, utdanning i Jerusalem, brennande ivrig ung farisear
33	omvending til tru på Jesus («Damaskus-opplevinga»)
33 – 45	«ukjente år» i Nabatea / Damaskus / Tarsos
45 – 57	misjonsreiser og brevskrivning
57 – 65	fengsel i Caesarea / reisa til Roma / husarrest / evt fleire reiser / død (64?)

Kjelder:

- To hovudkjelder til Paulus si verksemd: Apg skrivne av Lukas, og Paulus sine eigne brev
- Sjølvbiografi: Apg 22,3; Rom 11,1; 1 Kor 15,9f; 2 Kor 11,22ff; Gal 1,10-24; Fil 3,5f
- Apg gir oversikt, breva gir meir situasjonsbestemt og personleg forkyning og skildring
- Sjølv om Apg gir oversikt, er ikkje skriftet ein biografi i moderne forstand
- Apg gir enkelthendingar og enkelttalar relativt stor plass, gir inntrykk av at han stadig reiste

Reisene hans

Tradisjonell inndeling (frå 1800-talet) i tre misjonsreiser + reisa til Roma (+Spania?)

- Misjonsreisene hadde utgangspunkt i Antiokia
- Misjonsreisene gjekk til dei romerske provinsane i dagens Kypros, Tyrkia og Hellas
- Han var så lenge som mogleg på dei ulike stadane undervegs på reisa
- Tenesta hans var ulik på ulike stadar under «same reise»
- Reisa til Roma som fange, og tida med husarrest i Roma, var også ei misjonsreise

Eit stort antal km på veg + båtreiser. Krevjande reiser (2 Kor 11,26-27)

Viktige føresetnadar for misjonsverksemda i det romerske imperiet:

- Mange jødar var spreidde rundt i Romarriket (diasporaen)
- Det greske språket var eit fellesspråk
- Det var gode kommunikasjonar, båttrafikk om sommaren, romersk vegnett (Via Egnatia)
- Det var relativt trygge forhold for dei mange reisande («Pax Romana» i ca 200 år)

Via Egnatia som eksempel

- Romersk hovudveg frå Adria-havet til Egearhavet, seinare vidare til Bysants (ferdig 1120 km)
- Herberge undervegs, brukte Paulus desse eller tok dei inn hos jødar dei møtte i synagogane?
- Avstand Filippi-Tessalonika ca 150 km (Apg 17,1). Ca ei veke? To overnattingar er nemnt

«Via Egnatia var arterien/pulsåra som romarane bygde for å transportera hærar, varar, kultur og idear frå vest til aust. Men den blei også hovudvegen som Paulus og medarbeidarane brukte for å spreia evangeliet frå aust til vest.» (fritt etter Chris Vlachos, seminar om Via Egnatia)

Strategiar

Storby-misjonær

- Paulus la hovudvekt på å etablere misjon i viktige storbyar, truleg fordi dei var viktige senter for kommunikasjon, handel og administrasjon. Antiokia, Efesos, Filippi, Tessonika, Athen, Korint
- Eksempelet Korint: provinshovudstad og viktig handelssentrum på Paulus si tid, truleg med ca 300.000 innbyggjarar. Her var Paulus i halvanna år 50-51, og han kom tilbake nokre år seinare

Synagoge og torg

- Paulus gjekk først til synagogen, både av teologiske og praktiske grunnar. Der oppnådde han kontakt med mange jødar og «gudfryktige» ikkje-jødar som sympatiserte med jødisk tru.
- Bibel 2024: «Apostel for folkeslaga» (Rom 11,13), tidlegare omsett «heidningane»
- Dersom han blei avvist i synagogen, flytta han til eit anna hus (Apg 18,7). Paulus skreiv (i Korint) at evangeliet er «ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar» (Rom 1,16)
- Apg fortel om to stadar der han forkynnte direkte for gresk-romersk publikum utan å gå vegen om jødisk tru: Lystra (Apg 14,8-18) og Athen (Apg 17,16-34)

Teltmakar-misjonær

- Ville vera økonomisk uavhengig, ikkje vera til byrde
- Paulus arbeidde «med eigne hender» (1 Kor 4,12), «slit og strev» (1 Tess 2,9; 2 Tess 3,8)
- Teltmakaryrket (Apg 18,3) var godt eigna til å ta med på reiser. Kunne arbeida overalt
- Store behov for telt, skinn og lærprodukt. F eks ved dei istmiske leikane ved Korint i 51

Medarbeidar-misjonær

- Paulus arbeidde aldri aleine! Var omgitt av medarbeidarar, reiste saman med dei, skreiv brev saman med dei, arbeidde med kyrkjelydsbygging saman med andre
- Kjende namn: Barnabas, Timoteus, Titus, Silas. Men sjå òg tekstar som Apg 20,4. Aristarkos!
- Kvinner var viktige medarbeidarar: Lydia (Filippi), Priskilla (Korint, Efesos), Føbe (Kenkreæ)
- Evangeliets frigjerande kraft for kvinner! Fortsettelse av Lukas si skildring av Jesu verksemd (Luk 8,2f)

Nettverks-misjonær

- Heldt kontakt med dei han hadde etablert kontakt med, med brev og nye besøk, pengeinnsamling
- Korint: Omfattande kontakt, fire (?) brev, minst tre besøk

Paulus som forfattar

Paulus sine brev: innleiing og avslutning, hovudsakleg oppfølging av dei nye forsamlingane (nettverksbygging), tar opp det vanskelege, gir oppmuntring og formaningar

Eksempel frå Korint: Utfordringa var splittinga i kyrkjelyden. Dei truande knytta band til ulike leiarar på ein måte som gjorde at einskapen i Kristus var truga (1 Kor 1,10-4,21), sosiale forskjellar kom fram når dei feira nattverd (1 Kor 11,17-34), praktiseringa av nådegåvene skapte skilje mellom dei truande (1 Kor 12-14).

Brev blei tidleg samla. Mange gode manuskript, men ingen inneheld bare eitt av breva, alltid samlingar av Paulus-brev. Det eldste manuset: P46 (før eller ca år 200).

Avslutning: Ei reise i Paulus sine fotspor, f eks i Korint, gir tankar om det som varer og det som ikkje varer. Me kan finna historiske restar og arkeologiske funn. Viktig å satsa på det som står fast, 1 Kor 13,8ff om Guds kjærleik som aldri tar slutt (Jostein Ørum, VL 07.10.2024).